



# Tips til Salt & Fyrstikker

Her følger nokre gode tips det kan vera lurt å tenkje på før turen:

## Lær deg ein fiskeknute.

Det er mykje artigare å fiske når ein kan byte krokar og sluker sjølv, utan å måtte be om hjelp kvar gong. Her følger to enkle knuter, ein vanleg slukknute og palomarknuten. Tren på dei☺



## Kle deg rett

Du velger mykje sjølv om du skal fryse eller ikkje. Vi skal vera ute eit heilt døgn og lyt passe på at vi aldri misser varmen. **Gå støtt med vindtett jakke og ei god huve.** Skal du ha ei lang pause lyt du ta på deg den varme genseren under jakka. Om du byrjer å fryse så be kameraten opp på ein dans eller ein brytekamp. Før du legg deg i soveposen lyt du gå på do. Er blæra di full så frys du lettare.

## Unngå å bløyte deg

Det er artig å herje i søla og vatn på jakt etter frosk og fisk, men det er sjølvsagt dumt å bli blaut. Blir du blaut så prøver vi å turke kleda dine, men gøym alltid eit turt skift til du skal leggje deg. Dei fleste har kun eit par støvler med, så prøv å passe på at du ikkje blir blaut på føtene.

## Bærplukkar

Når vi skal plukke bær så det monnar er det lurt å ha med ein bærplukkar, og det er lurt å ha ei bømme som er enkel å plukke



Andre tips og råd får du på turen. Helsing Jørgen☺